

SUNNFJORD KOMMUNE

DETALJREGULERING ENGEBØ, FØRESEGNER

Dato for siste revisjon av plankart : 01.07.21

Plan: DETALJREGULERINGSPLAN FOR UTVINNING AV RUTIL I ENGEBØFJELLET	Planid: 4647-143320180049
	Arkiv nr.:
Utarbeidd av: Asplan Viak AS 04.04.19, mindre endring 01.07.2021	
Vedtatt/Stadfesting: Kommunestyret	Dato org. føresegner: 04.04.2019
	Siste revisjon: 01.07.2021
Avskrift	Sign.:

Denne detaljreguleringsplanen erstatter del av tidlegare godkjend reguleringsplan (2015) for utvinning av Rutil i Engebøfjellet.

Føresegnene gjeld for området innafor plangrensa og gjev i tillegg rekkjefølgjekrav (jf. pkt. 01) som også omfattar areal utanom, jf. pkt.0.1

Området vert regulert til følgjande, jf. §§12-5,-6 og -7 i plan- og bygningslova:

Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

Grønstruktur (§12-5 nr.3)

Bruk og vern av sjø og vassdrag (§12-5 nr.6)

Områdeføresegner (§ 12-7)

Omsynssoner (§11-8, jf.12-6)

0. FELLES FØRESEGNER

0.1 Rekkjefølgjeføresegner

0.1.1 Tiltak på fv.611 utanom planområdet

Alle tiltak knytt til naudsynt utbetring på strekninga Engebø – Sæla skal ferdigstillast etter avtale om anleggsbidrag som er vedlegg til utbyggingsavtale og før drifta vert sett i gang. Tiltaka vert gjennomført av vegeigar.

0.1.2 Tilstandsregistrering av bygg og anlegg utafor planområdet

1. Før det vert gjeve rammeløyve for byggjetiltaka skal det liggje føre dokumentasjon for:

- Tilstandsvurdering av eksisterande **byggnings og anleggstilstand i nærområdet** til Engebøfjellet.
- Tiltaksplan mot vibrasjonar frå **sprenginga**

2. Tiltak for sikring mot vibrasjonar frå sprenging skal vere gjennomførde før drifta vert sett i gang , og 2 år etter igangsetting skal **tilstand** på bygningar og anlegg kontrollerast.

0.1.3 Omlegging av Fv.611 i planområdet

Omlegging av Fv 611 og ny avkjørsel til prosessområdet på Engebø skal vere ferdig opparbeidde før noverande parsell av fylkesvegen vert stengd.

0.1.4 løysing for gåande og syklande i reguleringsområde for vassforsyningsanlegg

- a. Ved legging av vassleidning og straumkabel, i medhald av detaljregulering Skorva-Engebø, skal løysing for gåande og syklande opparbeidast som grusveg over traseen for vassleidning og straumkabel. Dette føreset at kommunen har heimla naudsynt eigarskap til dei areal som skal nyttast.
- b. Mineralutvinning kan ikkje starte før konkret og tidfesta avtale om ferdigstilling av gang- og sykkelveg med omfang og kostnadsdeling ligg føre.

0.1.5 Industriområde BAA2

- a. Undersøking av botnforhold skal ligg føre før vedtak av denne reguleringsplanen.
- b. Mineralutvinning kan ikkje starte før det ligg føre en konkret og tidfesta avtale om ferdigstilling av industriområdet.
- c. Utfylling av industriområdet med bruk av malmfattig berg skal skje parallelt med mineralutvinning, og i samsvar med løpande produksjonsplanar.
- d. Mineralutvinning kan ikkje byrje før det ligg føre avtale om eigarskap og vilkår for bruk til industriområde BAA2. Primært formål for arealet er å gje optimalt grunnlag for utnytting av ressurs ut over tiltaket det er søkt konsesjon til i 2019. Selskapet sin trong for utviding etter oppstart av mineralutvinning skal òg vurderast.

0.1.6 Industriområde NÆR 2 etter kommunedelplan for Vevring:

- a. Mineralutvinning kan ikkje starte før det ligg føre konkret og tidfesta avtale om medverknad til opparbeiding av industriområdet NÆR 2 etter kommuneplan Vevring, eller tilsvarande areal.
- b. Deponering i område BAS 1-3 er ikkje tillate utan at oppfylling av industriområdet NÆR 2 eller tilsvarande avtalt yting er gjennomført i samsvar med avtale, eller føregår parallelt. Selskapet skal levere masse til anlegget på staden.
- c. Kommunen har ansvaret for regulering, prosjektering, eigedomsforhold og andre forhold som ikkje er knytt til masseleveranse.

0.1.7 Masse til andre utbyggingsformål

Selskapet skal stille masse til disposisjon i deponiområdet til alle formål kommunen ynskjer. Sprengt stein frå deponiet skal vere fritt tilgjengeleg

Ved utbygging av båthamn/marina i Vevring, og etter nærare avtale, må verksemda levere naudsynt fyllmasse vederlagsfritt

0.2 Utslepp til luft, vatn og grunn

Utslepp av støy, støv mm. til luft, vatn og grunn skal ligg innafor rammer bestemte av ureiningsstyresmakta og gjevne i utsleppsløyve.

0.3 Energianlegg

Bygningar og anlegg for straumforsyning kan plasserast der det er tenleg innafor heile planområdet. Overføringsleidningar skal gå i terreng. Noverande 22 kV kraftlinje gjennom Engebø skal flyttast og ny trase skal leggjast i jordkabel og følgje omlagd Rv 611 slik vegen er vist på plankartet.

Ny kraftline mellom Engebø og Engebøfjellet skal leggjast som jordkabel.

0.4 Omsyn bevaring av kulturmiljø

Dersom automatisk freda kulturminne blir påvist under arbeidet og desse kan bli ramma av tiltaket, må arbeidet straks stoppast og det skal gjevast melding til kulturvernstyresmakta - p.t. fylkeskommunen, ev (i sjø) Stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum. Byggjearbeidet må i så fall ikkje takast opp på nytt før området er undersøkt og frigjeve. Brot på desse føresetnadene vil vere i strid med reglane i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

0.5 Miljøoppfølgingsprogram (§12-7 nr.12)

A. Det skal utarbeidast ein overordna miljøoppfølgingsplan som omfattar punkt i tillegg til utsleppsløyve av april 2015 frå Klima- og miljødepartementet. Programmet skal omfatte:

1. Vegnett og transportsystem
2. Naturmiljø
3. Landskap og lokalklima
4. Nærmiljø, friluftsliv og befolkninga si helse
5. Landbruk
6. Støy

B. Miljøoppfølgingsplanen skal omfatte undersøkingar for dei enkelte tema:

1. Rutinar for registrering og rapportering for sivilsamfunn.
2. Rutinar for varsling av tilhøve som avvik frå normale driftsløyve

C. Miljøoppfølgingsplanen skal syne korleis sivilsamfunnet og offentlege instansar skal sikrast medverknad i prosessen

D. Miljøoppfølgingsprogrammet skal godkjennast av kommunen, før start av gruvedrift

1. BEBYGGELSE OG ANLEGG (Plan og bygningslova § 12- 5 nr. 1)

1.0 Krav til tiltak – utforming m.m.

Søknad om tiltak skal dokumentere optimal utforming med omsyn til landskapsverknad, ved farge- setting og materialbruk.

- Det skal ligge føre visualisering og fagleg grunngjeving for valt fasadeuttrykk.
- Det skal dokumenterast bevisst bruk av lyssetting, også for å unngå uheldig fjernverknad.
- Det skal dokumenterast optimale arrangement for utslepp frå vifter mm., for minimering av støy og støv.
- Krava gjeld for alle byggeområde, så langt det passar

1.1 Område for dagbrot, BRU (Råstoffutvinning)

I området kan det takast ut og knusast stein/malm. Det skal vidare etablerast køyrbar tilkomst til underjordisk gruvedrift.

Inngrepa skal ikkje gå djupare enn til kote +40.

Drifta skal vere i samsvar med den til kvar tid gjeldande driftskonsesjonen frå Direktoratet for mineralforvaltning.

Dagbrotet skal sikrast i samsvar med lov om erverv og utvinning av mineralressursar (minerallova).

Før utsprenning tek til, skal avdekkingsmasse gravast av og lagrast i dagbrotområdet eller i området for gråbergdeponi. Avdekkingsmassane skal sikrast mot erosjon/avrenning.

Brotkanten skal avsluttast med palletrinn. Pallehøgder skal vere maksimalt 15 meter, og palletrinn skal vere minst 6 meter djupe.

Kvart palletrinn ned til kote 250 skal, etter kvart og seinast 2 år etter avslutta uttak på trinnet, tilførast lausmassar, gjødslast og såast/plantast til med stadeigen vegetasjon.

Avrenning frå dagbrotet til Førdefjorden skal sikast ved at det vert etablert leidningsanlegg og reinsetiltak med tilstrekkeleg kapasitet, dette inkludert sedimenteringsbasseng. Reinsetiltaka kan plasse- rast i regulert område for avlaupsanlegg (BKB2 - ved fjorden).

Drifts- og anleggsarbeid innafor området for dagbrot kan gå føre seg i tidsrommet kl. 07.00 – 23.00, men ikkje på laurdagar, søndagar eller heilagdagar.

1.2 Område for gruvedrift, BRU (1200 - Råstoffutvinning – regulering under bakken)

Gruvedrift skal gå føre seg innafor området som er vist på plankartet. Før start av gruvedrifta, skal konsesjon vere gjeve av Direktoratet for mineralforvaltning.

I ein sylinder med radius 50 meter rundt senterlina i vegbana til fylkesvegen, kan det i utgangspunktet ikkje gjerast inngrep for gruvedrift. Etter avtale med vegeigar kan det i dette området likevel opnast for transporttunnelar knytt til gruvedrifta, jf. 2.6 nedanfor.

I ovannemnde sylinder kan det likevel opnast for gruvedrift, dersom det vert dokumentert å vere sikkerheitsmesse mogleg.

Drifta i gruva skal vere i samsvar med den til kvar tid gjeldande driftskonsesjonen frå Direktoratet for mineralforvaltning.

1.3 Kontor, parkering og vegformål BAA1 (1900 angitt begyggelse og anlegg samt andre...)

Området skal nyttast til bygning for administrasjon m.m. knytt til gruveanlegget, og til parkerings- og vegføremål.

Maksimal grad av utnytting for området er 60%-BYA, av dette kan maksimal BYA for bygningar vere BYA=1000 m².

Bygningane kan ha ei maks mønehøgde eller gesimshøgde på 14m – rekna frå ferdig planert terreng rundt dei – i samsvar med reglane i teknisk forskrift til plan- og bygningslova. Møne- eller ge-

simshøgde kan likevel ikkje liggje høgare enn kt.50. Tekniske installasjonar, heishus o.l. kan likevel overstige dette.

Gjennom området skal det opparbeidast tilkomstveg (køyreveg) for utløyising av områda BKB1 (prosessområde), SK (kai) og, om naudsynt, BAA2 (industri/trafikk).

Søknad om tiltak skal omfatte plan for istandsetting og tilplanting av uteareala. Ferdiggjering av desse tiltaka skal skje seinast to år etter at bygningar er tekne i bruk.

1.4 Vassforsyningsanlegg, BVF

I området kan det etablerast tank/basseng og andre anlegg for vassforsyning. Maksimal grad av utnytting er %-BYA=90%.

1.5 Prosessområde og avlaupsanlegg BKB2 (kombinert bebyggelse og anleggsformål)

I området skal det plasserast anlegg (sedimenterings-basseng mm) for handsaming av overvatn frå dagbrotet, gruva og eventuelt frå gråbergdeponiet.

Maksimal grad av utnytting er %-BYA=80%.

Området kan elles nyttast i samsvar med reglane for prosessområdet BKB1.

Søknad om tiltak skal omfatte plan for istandsetjing og beplantning av uteareala. Istandsetjing og tilplanting skal vere gjennomført seinast to år etter at anlegga er tekne i bruk.

1.6 Gråbergdeponi, BAS 1, 2 og 3 (annen særskilt angitt bebyggelse og anlegg)

Området skal nyttast til deponering av gråberg (malmfattig berg) og avdekkingsmassar frå dagbrotområdet. Det framtidige terrenget kan fyllast opp til kotehøgder som vist på reguleringsplankartet. Området kan og nyttast for knusing av stein.

Deponimassane skal vere tilgjengelege og i aktiv bruk for opparbeiding av t.d. næringsareal i og utafor planområdet og for realisering av fortau og gang-/sykkelveg i reguleringsplan for Skorva – Engebø.

Det skal, som del av driftsplanen, lagast plan for snarast mogleg istandsetjing av dei ulike delane av gråbergdeponiet, og heile området skal, etter avslutta driftsperiode; tilbakeførast til landbruk.

Før deponering av gråberg kan finne stad, skal matjord gravast av og lagrast. Jordmassane skal sikrast mot erosjon og avrenning. Lagra jordmassar skal, så langt dei rekk, leggjast tilbake på det ferdig oppbygde deponiet i samsvar med plan som nemnd over.

For å sikre mot avrenning frå deponiet til Grytaelva, skal det innafor regulert gråbergdeponi etablerast eitt eller fleire sedimenterings-basseng med tilstrekkeleg kapasitet – og drenerande grøft som lei ar vatn inn til driftsveg og langsetter denne ned til sjø.

Før knusing av stein kan ta til, skal det liggje føre støyvurdering og ev. plan for tiltak (skjerming mm.) som sikrar at støyen vil liggje innafor grenser sett i Miljødepartementet si retningsline i T-1442/2016.

Drifts- og anleggsarbeid innafor området kan gå føre seg i tidsrommet kl. 07.00 – 23.00, men ikkje på laurdagar, søndagar eller heilagdagar.

1.7 Industri/lager, BKB1 (prosessområdet på Engebø)

På området vert det tillate oppføring av naudsynt bygningsmasse og installasjonar for produksjon av rutil og andre produkt knytt til mineralressursen frå Engebøfjellet.

Området skal opparbeidast med «pallar» - planerte område der den høgast plasserte kan liggje på kt. 35. Bygningar og installasjonar kan ha ei gesims eller mønehøgde på opp til kt.75.

Berre opp til 10% av arealet i BKB1 kan dekkast med bygningar eller installasjonar med gesims eller møtenøgde høgare enn kt.60.

Maksimal grad av utnytting er %-BYA=80%.

Søknad om tiltak skal omfatte plan for istandsetjing og tilplanting av uteareala. Istandsetjing og tilplanting skal vere gjennomført seinast to år etter at bygningane/anlegga er tekne i bruk.

1.8 Industri, lager og samferdseområde - BAA 2 (bebyggelse og anlegg kombinert med andre føremål)

Undersøking av botnforhold skal ligge føre før vedtak av denne reguleringsplanen.

Vestre del av området (bukta og arealet nord for denne) skal fyllast opp og planerast med tanke på bruk til næringsverksemd, trafikkareal, lager og kaianlegg. Området aust for dette kan nyttast til vegtilkomst frå fylkesvegen og ned til planert areal.

I området kan det oppførast bygningar med gesims/mønehøgde opp til 15 meter over ferdig planert terreng rundt bygninga, men likevel ikkje høgare enn kt. 20.

Søknad om tiltak skal omfatte situasjonsplan med nærare avklaring av bruk og utnyttingsgrad, kotehøgde for planering, trafikklysingar og samanheng med naboareala. Planen skal og omfatte istandsetjing og tilplanting av uteareala. Maksimal grad av utnytting for området er %-BYA=80%.

Området skal ha planeringshøgde minimum kote 4,0.

1.9 Serviceområde Engebøfjellet, BAA3 (bebyggelse og anlegg kombinert med andre hovedformål)

På området vert det tillate oppføring av bygningar til servicebehov, drivstofflager, lager for sprengstoffkomponentar (ikkje i antenbar form), hall og parkering for køyretøy, sanitærbygg og areal for bremsetesting av gruvekøyretøy. Området kan og nyttast for knusing av stein.

Bygningar og installasjonar kan ha ei gesims- eller mønehøgde på opp til 15 meter målt frå gjenomsnittleg ferdig planert terreng rundt dei. Maksimal grad av utnytting er %-BYA=60%.

2. SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (Plan og bygningslova § 12- 5 nr. 2)

2.1 Generelt

Offentleg areal er merka med o. Areala elles er private for bruk knytt til gruveverksemda.

Vegen sitt sideterreng skal ha utforming som tilpassar seg det naturlege terrenget og omgivingane. Vegskjeringar i jord og vegfyllingar skal til-såast/plantast med stadeigen vegetasjon. Skjeringar i jord og fyllingar skal helst ha ei helling på 1:2 og skal ikkje vere brattare enn 1:1,5.

Fylkesveg 611 (o_SKV) skal leggjast om i ei lengde på omlag 1 km forbi Engebø. Vegen skal utformast etter reglane i Statens vegvesen si handbok (norm) N100 - veg- og gateutforming.

Vestland fylkeskommune skal godkjenne utforming av kryssløysingar knytt til fylkesvegen. Over vegen kan det først ei bru (markert med stipling på plankartet) for transportband. Mellom køyrebana i fylkesvegen og brua skal det vere fri høgde på min. 6,2 meter.

Drenerande grøft kan først langsetter driftsvegen - ned til prosessområdet på Engebø og vidare langs fylkesvegen.

2.2 Køyreveg, SKV

Dette er vegbana inkludert vegskulder. Kryss og avkøyrslar skal utformast trafikktrygt.

2.3 Annan veggrunn, grøntareal, SVG

Området skal nyttast til vegskulder, grøft, skjering/fylling/murar og andre tekniske inngrep.

Langs austlege del av fv.611 i planområdet (ved avkøyning mot prosess/administrasjonsområdet) kan det opparbeidast busslommer eller kantstopp for buss. Før val/realisering av løysing, skal det gjennomførast ei TS-vurdering (trafikktryggleiksvurdering)

Terrenginngrepa skal utførast slik at minst mogleg skade vert gjort på sideareala.

Istandsetjing av areala skal fullførast samstundes med resten av veganlegget. Dei skal til-såast/plantast med stadeigen vegetasjon – og utformast mest mogleg naturlikt.

2.4 Parkering, SPP

Områda skal nyttast til oppstilling av bilar.

2.5 Sikringssone- frisikt

I området mellom frisiktlinja og køyrebane kant skal det vere fri sikt minst ned til 0.5 meter over nivået til dei tilgrensande vegane. Vegeigar kan krevje sikthindrande element fjerna.

2.6 Tunnel SV (veg – regulering under bakken)

Dette er eksisterande fylkesvegtunnel, som kryssar gruveområdet. Veg-formålet omfattar ein sylindar med radius 50 meter rundt senterlina i vegbana. Veg/tunnel kan utvidast, og vassledning og elkabel kan førast gjennom tunnelen eller i eige borehol parallelt med denne. Innafor vegformålet kan det i utgangspunktet ikkje gjerast inngrep for gruvedrift. Etter avtale med vegeigar kan det likevel opnast for transporttunnelar knytt til gruvedrifta.

I ovannemnde sylindar kan det likevel opnast for gruvedrift, dersom det vert dokumentert å vere sikkerheitsmessig mogleg.

2.7 Samferdsleanlegg kombinert med andre føremål, SAA (regulering under bakken)

Område for vegtunnel/råstoffutvinning

3. GRØNSTRUKTUR (Plan og bygningslova §12-5 nr.3)

3.1 Vegetasjonsskjerm, GV

Området regulert til vegetasjonsskjerm vert disponert av gruveverksemda.

Området for vegetasjonsskjerm skal stå fram som urørd natur, men med noko kulturpåverknad frå granplanting mv., og ved sprenging skal området ikkje unødige belastast med sprengstein/blokker. Blokker skal ikkje bli liggjande i vegetasjonsskjermen.

Innafor området som er tilnærma urørd natur, skal eksisterande vegetasjon bevarast. Innanfor området med eksisterande vegetasjon, der det alt er planta gran eller er anna kulturpåverknad, skal eigar melde frå om hogst til skogbruksetaten i kommunen og hogst skal skje i samsvar med plan for skogskjøtsel. Planen skal vere godkjend av skogbruksetaten seinast 1 år etter at drift av gruve/industri-anlegget er sett i gang. Ved skjøtsel og hogst skal det leggjast vekt på vegetasjonen sin skjermende effekt og positive visuelle verdi.

Det vert ikkje tillate bygningar i området med unnatak for mindre tiltak knytt til VA-anlegg og elforsyning.

Terrenget mot dagbrotet skal avrundast og området rundt dagbrotet avflatast – innafor avmerka føresegningsområde #1. Innafor dette føresegningsområdet skal det setjast opp kombinert vilt/sikringsgjerde med høgd 2,5 meter rundt heile dagbrot-området, og det skal sikrast tilkomst for vedlikehald av gjerdet.

Vilt/sikringsgjerde på 2,5 meter skal også setjast opp rundt serviceområdet og rundt vegen som fører vidare vestover til tunnelen/dagbrotet.

Det kan tillatast lågare vilt/sikringsgjerde enn 2,5 meter der gjerde saman med terrenghøva ivaretek sikringsomsyna godt nok.

Deponiområdet skal også i naudsynt grad sikrast med gjerde – etter nærare avtale med kommunen og eigar/rettighetshavar med praktisk tilpassing av gjerdetrase, høgde og type gjerde.

Alle dei ovannemnde gjerda skal vere ferdigstiltemelde og godkjende før drifta vert sett i gang.

Det skal etablerast drenerande grøft frå gråbergdeponiet til driftsvegen som vist på plankartet og vidare langs den nye driftsvegen ned mot prosessanlegget/fjorden. Vist trase er rettleiande, og grøfta skal tilpassast med minst mogleg inngrep i eksisterande terreng.

Eksisterande driftsvegar i området kan nyttast i samband med anleggsverksemda (etablering av tiltaka), og eksisterande veg mellom planlagt serviceområde og føremålgrensa for dagbrotet, kan nyttast vidare i driftsperioden – knytt til inspeksjon og vedlikehald av områda rundt toppen av dagbrotet.

3.2 Grønstruktur kombinert med andre hovudføre mål – GAA

Grønstruktur kombinert med vegføre mål i begge endar av fylkesvegtunnelen.

6. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (Plan og bygningslova § 12-5, nr. 6)

6.1 Hamneområde i sjø, VHS

Området kan, i samsvar med pkt. 7.3 nedom, nyttast til fylling under vatn ved oppbygging av landarealet i BAA2.

Undersøking av botnforhold skal ligge føre før vedtak av denne reguleringsplanen.

7. FØRESEGONOMRÅDE (Plan- og bygningslova § 12-7)

7.1 Anlegg- og riggområde, #1

Dette er areal som kan nyttast for anleggsaktivitet i samband med utbygging av dei ulike tiltaka i planen. Det kan gjerast mellombels tiltak, t.d. anleggsvegar, ev. også permanent terrengtilpassing med tanke på framtidig bruk. Når anlegga er ferdigstilte og driftsperioden for dagbrotet tek til, skal områda ha den arealbruken som elles går fram av plankartet. Terrenget skal der det er naturleg, attendeførast til tilstanden før anleggsarbeidet starta.

7.2 Anlegg- og riggområde #2

Området kan nyttast for mellombels tiltak i anleggsperioden: Plassering av brakkeriggar. Når anlegga er ferdigstilte og driftsperioden for dagbrotet tek til, skal området ha den arealbruken som elles går fram av plankartet (permanent massedeponi).

7.3 Anlegg- og riggområde #3

Området kan nyttast til fylling under vatn ved oppbygging av landarealet i BAA.

7.4 Område for rasvoll/veg/sikringstiltak #4

Området skal nyttast til rasvoll og andre sikringstiltak for sikre at tiltaka i BKB1 og BKB2 er innfor tryggleiksnivå fastsett i teknisk forskrift til plan- og bygningslova (TEK-17). Det kan og leggjast inn tiltak knytt til bygging og trygging av fylkesvegen og av driftsveg SKV med tunnelinnslag.

7.5 Mellombels deponi #5

Området skal nyttast til mellomlagring av steinmassar frå steinbrotet. Lagringa skal avsluttast seinast 20 år etter at drifta av gruve-/industriplanlegginga startar, og det permanente deponiet skal då tilstellost og revegeterast som nemnt i pkt. 1.6, gråbergdeponi.

7.6 Mellombels deponi #6

Området skal nyttast til mellomlagring av stein som skal nyttast til produksjon av mineral. Mellomlagringa vil gjelde i perioden det ikkje er lov å sprengje på våren som definert i utslippsløyvet (pga. smoltutvandring), og ev. knytt til andre kortsiktige behov i samband med gruvedrifta.

Når bruk til mellomlagring er avslutta, skal området tilstellost og revegeterast som del av vegetasjonsskjermen.

7.7 Mellombels deponi #7

Området skal nyttast til mellomlagring av steinmassar i anleggsperioden. Lagringa skal avsluttast seinast når drifta i dagbrotet tek til. Terrenget skal tilplantast og såast til som del av vegetasjonsskjermen og få ei mest mogleg naturlik form – dette gjeld også det eksisterande anleggsområdet.

7.8 Første byggesteg #8

- a. Føresegnsområde #8 gjeld første byggesteg av BKB1, og er vist på plankartet. Føresegn i reguleringsplanen gjeld så lenge det ikkje er gitt særskilt føresegn for arealbruken i #8.
- b. Illustrasjonsplan for første byggesteg (tegn.nr. L_B_101 C-01) dagsett 01.07.2021 er gjeldande for arealbruk innanfor føresegnsområdet, og omfattar:
 - Eksisterande fv. 611 og rom for mogleg utviding av denne. Langs vegen skal det, på ein høveleg stad, leggast til rette plass for oppstilling av brannbil.
 - Byggegrense langs eksisterande fv. 611 (15 meter frå vegmidte).
 - Skredsikring av BKB1. Kan først opp inntil 15 meter frå vegmidte.
 - Avkøyrslar
 - Interne veger
 - Parkeringsplassar
 - Rigg- og anleggsområde
 - Bru (transportband) over eksisterande fylkesveg. Mellom køyrebana i fylkesvegen og brua skal det vere fri høgde på min. 6,2 meter.
- c. Rigg- og anleggsområde kan nyttast for anleggsaktivitet i samband med utbygging av dei ulike tiltaka i planen. I den skredtrygge delen av området kan det plasserast brakkeriggar.
- d. Teknisk detaljplan for offentleg vegareal innanfor #8 skal bli godkjent av rette vegmyndigheit. Dokumentasjon på slik godkjenning skal følgje søknad om rammeløyve.
Langs fv.611 i planområdet kan det opparbeidast busslommer eller kantstopp for buss. Før val/realisering av løysing, skal det gjennomførast ei TS-vurdering (trafikktryggleiksvurdering).

- e. Det skal utarbeidast gjennomføringsavtale mellom byggherre og Vestland fylkeskommune. Gjennomføringsavtalen må føreligge før igangsettingsløyve vert gjeve.
- f. Søknad om tiltak i føresegningsområde skal omfatte plan for istandsetjing og tilplanting av utomhusareal. Istandsetjing og tilplanting skal vere gjennomført seinast to år etter det er gitt bruksløyve for tiltak.
- g. Ved oppstart av byggesteg 2 vert føresegningsområdet #8 oppheva, og området skal ha den arealbruken som elles går fram av plankartet. «Oppstart av byggesteg 2» er definert slik: Tidspunkt då det vert søkt om løyve til andre tiltak innanfor føresegningsområde #8 enn dei som er godkjent etter pkt. 7.8 bokstav b.

8. OMSYNSSONER (Plan og bygningslova § 11-8, jf. 12-6)

8.1 Sikringsone- frisikt, H140

I frisiktsoner skal det vere fri sikt minst ned til 0.5 meter over nivået til dei tilgrensande vegane. Vegeigar kan krevje sikthindrande element fjerna.

8.2 Fareområde høgspenningsanlegg, H370

Dette er tryggleikssone langs eksisterande høgspenline.

8.3 Ras- og skredfare, H310

Tiltak i områda skal vurderast og sikrast ut frå krav i teknisk forskrift - TEK17 (byggjeområde, tekniske installasjonar) og etter vegvesenet sine reglar (veg og tunnelpåhogg mm.).

8.4 Flaumfare, H320 (Stormflo)

Tiltak i områda skal vurderast og sikrast ut frå krav i teknisk forskrift - TEK17.